

# Folkegåve til Oddvars 75-årsdag!

2. november i år fyller Oddvar Torsheim 75 år!

Vert du med på å få reist skulpturen "Kyra" som gavé til Oddvar!

Med "Kyra" vert Oddvar sitt kunstarlege uttrykk presentert på heimstaden hans, saman med skulpturen "Budeia" av Kjartan Slettemark.

Det vil bli eit vakkert samspel mellom to kunstnarar og to kunstverk. Dei symboliserer spennet mellom Naustdal som jordbruksbygd og arena for samtidskunst. Plasseringa mot fjorden med Heilefjellet i bakgrunnen vil vere eit blikkfang for alle som er i området eller reiser forbi. "Kyra" er ei vidareutvikling av Sanden-området i Naustdal.

Å produsere og reise skulpturen vil koste kring 550.000 kr. Sogn og Fjordane Fylkeskommune og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane er med! Det er også vel

Det er også naudsynt med støtte frå privatpersonar, organisasjonar og næringsliv for å realisere skulpturen. Vel hundre einskildpersonar, verksemder og lag er pr. 14. juli med. Du/de vert med dette oppmoda om å vere med. Då "Budeia" vart reist i 2007 greidde vi å få inn om lag 150.000 kr på same måten. Det bør vi også greie denne gongen! På nettstaden [www.kyra.no](http://www.kyra.no) oppdaterer vi heile tida kven som er med på gåva til Oddvar!



Kunstnaren Geir S. Hjetland har utvikla "Kyra" etter måleriet "Nedkomst" som Oddvar måla i 1972.



"Kyra" er ein om lag fire meter høg skulptur i cor-ten stål og aluminium med innlagt lys.

Kunst på tvers er eit nettverk av kunstinteresserte som i nært samarbeid med Naustdal kommune vil stå for realiseringa. Å få opp skulpturen er ein del av kulturplanen for kommune.. Og eit samrøystes kommunestyre har sagt ja til at skulpturen kan plasserast på tusenårsstaden til Naustdal.

## Kontaktadresse:

Åsmund Berthelsen, Bekkevegen 13, 6817 NAUSTDAL  
E-post: [aa-berth@online.no](mailto:aa-berth@online.no)  
Mobil: 93 23 70 73

**Send melding om støtte til denne adressa og betal inn på konto 3705.15.02389  
Og så utfordre minst fem andre. Send namn og e-postadresse – så sender vi utfordringa vidare.**

**Meir informasjon om prosjektet på [www.kyra.no](http://www.kyra.no)!**

# *Kom "Kyra" !*



*To alternative plasseringar av "Kyra". Endelig plassering vert avgjort av Rådmannen i Naustdal i samråd på nettverket "Kunst på tvers". Foto: Bjørn-Are Vollstad*

*Beste helsing styret i KUNST PÅ TVERS*

*Åsmund Berthelsen*

*Camilla Voss*

*Laila Claussen*